

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek sakene RS 23/16, RS 24/16 og RS 25/16 til etterretning.

I samband med RS 24/16 «Den kulturelle spaserstokken» vedtok fylkeseldrerådet følgjande uttale:

«Hordaland fylkeseldreråd ser det som ei gledeleg utvikling at alle 33 kommunar i fylket har søkt om midlar frå tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken i 2016. Dette vitnar om at det er stort behov for kulturelle kvalitetstilbod for eldre i kommunane, og at dei arrangement som har vore gjennomførte til no har betydd mykje for livskvaliteten hjå eldre. Staten har løyvd 3 mill. kroner i øyremerka midlar til Den kulturelle spaserstokken i Hordaland for 2016, medan kommunane samla søkte om nær 4,9 mill. kroner. Behovet er med andre ord aukande. Fylkeseldrerådet har i sin handlingsplan for dei neste tre åra sett som mål å arbeida for at Staten aukar tilskotsramma for Den kulturelle spaserstokken. Rådet ber difor om at Fylkestinget og fylkesadministrasjonen følgjer dette opp i sitt arbeid og dialog med sentrale styresmakter for dei komande budsjettåra.»